

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 28. mai 2021

Stad: Flå Veksthus

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Petter Rukke	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Henrik Skovly	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune
Hege Mørk	Gol kommune

Forfall:

Reidun Katrine Halland	Hemsedal kommune
------------------------	------------------

Desse møtte frå Viken Fylkeskommune

Anne Beate Tvinnereim, Fylkesråd
Iselin Haugo, pol.
Magnus Weggesrud, pol.
Lasse Narjord Thue
Bjørn Siem Knudsen

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar

SAK 40/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 30. APRIL 2021**Vedtak:**

Protokollen frå møte 23. mars og 8.april 2021 er godkjent.

SAK 41/21 ORIENTERING OM STUDIETILBOD I HALLINGDAL

Reidar Brandsberg frå folkeuniversitetet orienterte om Arbeidslivspsykologi og andre studietilbod som Folkeuniversitetet vurderer å starte opp i Hallingdal.

Vedtak:

Rådmannsutvalget drøftar tilbodet frå Folkeuniversitetet, og gir eit svar innan 1. juli 2021.

SAK 42/21 STRATEGISK PLAN HALLINGDAL. SISTE JUSTERING FØR HALLINGTINGET.**Vedtak:**

Regionrådet ber dagleg leiar, saman med rådmannsutvalget kvalitetssikre Strategidokumentet, og rår Hallingtinget til å vedta Strategisk Plan Hallingdal

SAK 43/21 REGIONALT FRILUFTSRÅD.

Magnhild Skår Medgard og Bettina Efstjad orienterte om Regionalt Friluftsråd: Kva er det, kvifor bør me ha det, korleis kan det organiserast og korleis kan det finansierast.

Vedtak:

Regionrådet er positive til Regionalt Friluftsråd og arbeider vidare med saka gjennom Strategisk plan.

SAK 44/21 NORTURA – STATUS OG VEGEN VIDARE

Torleif Bjella og Jørn Gunnar Jacobsen orienterte om status og vegen vidare

Vedtak:

Regionrådet inviterer styret i NORTURA til Hallingdal før sommarferien for å drøfte mogelegheiter og framtidig samarbeid.

SAK 45/21 FELLES KOMMUNEOVERLEGE I HALLINGDAL**Vedtak:**

1. Regionrådet rår kommunane til å vedta oppretting av ein 100 % stilling som kommuneoverlege og samhandlingsleiar i Hallingdal i tilknytning til Hallinghelse frå år 2022, med Ål kommune som vertskommune.
2. Dagleg leiar blir bedt om å utarbeide felles sak som må vedtakast i alle kommunar

SAK 46/21 BREIBAND 2021. INNSPEL TIL ÅRETS SØKNAD FRÅ KOMMUNANE**Vedtak:**

Administrasjonen i Regionrådet utarbeider søknad til Viken i samråd med Rådmannsutvalget. Innspel frå kommunane skal sendast Knut Arne snarast.

SAK 47/21 TRAFIKKTRYGGLEIKSMIDLAR FRÅ VIKEN**Vedtak:**

Regionrådet rår til at ikkje-fysiske trafikktryggleiksmidlar blir prioritert til haldningsskapande tiltak retta mot ungdom og unge vaksne.

SAK 48/21 EVENTUELT**Sats på Hallingdal.**

Jan Olav informerte om status og framdrift.

Buskerud bygningsvernseier – Søknad om støtte til kursing innan tradisjonelt bygghandtverk og bygningsvern for handtverkarar.**Vedtak:**

Regionrådet ber dagleg leiar utarbeide sak

Sal av kommunal fiber.

Kommunane har fått eit pristilbod frå HKN på kommunal eigd fiber.

Vedtak:

Saka blir avgjort i kvar kommune

Saker til Hallingtinget.

Regionrådet gjekk gjennom sakene til Hallingtinget

SAK 49/21 BEREKRAFT I VIKEN

Anne Beate Tvinnereim, fylkesråd for plan, klima og miljø orienterte om berekraft i Viken

Hallingdal, 2. juni 2021

Jan Olav Helling

Dagleg leiar